



## Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 35/2012

Møtedato: 20.7.12

Møtestad: Telefonmøte

Arkiv nr: S868

### **S868, Nøsen – ombygging av sel, ny behandling**

Nils Ingar Rogne søker i brev om å få bygge nytt inngangsparti på selet. I dag er det ei skråtekkje som inngangsparti og han vil rive dette og erstatte det med eit tilbygg i omtrent same storleik, men som er rausta motsett av selet (nasesval). Søknaden omfattar også flytting av skåle.

*Støl som er i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrifta: Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

*Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Statskog opplyste på befarung den 18.6.12 at det ikkje var merknader til søknaden.

Søknaden er sendt Oppland fylkeskommune, Kulturarvenheten til uttale. Rogne søkte så seint at ein ikkje har motteke uttale.

I sak 31/12 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret godkjenner søknad om nytt vindfang og flytting av skåle etter § 10 i stølsforskriftene. Vedtaket er gjort med atterhald om at Oppland fylkeskommune, Kulturarvenheten ikkje har merknader til søknaden.*

Oppland fylkeskommune har i skriv datert 28.6.12 tilrådd at lengde og breidde på bygget blir redusert.

Søkjaren har foreslege å redusere breidda på vindfanget til 3,5 meter.

### **Vedtak**

Etter § 10 i stølsforskriftene godkjenner fjellstyret søknad om nytt vindfang med 3,5 meter breidde.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.7.12

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Nils Ingar Rogne  
Vestre Slidre kommune  
Statskog  
Oppland fylkeskommune, Kulturarvenheten